




Vestlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi

Vestlandsprosjektet- Saman om velferdsteknologi

Prosjektplan 2021



Versjon 6.0

Revidert 23.02.21, Prosjektadministrasjonen

Innhold

INNLEIING	3
VESTLANDSPROSJEKTET	4
Bakgrunnen for prosjektet	4
Føresetnadar for innføring av velferdsteknologi	4
Om prosjektet.....	5
Prosjektorganisering.....	6
SAMAN OM VELFERDSTEKNOLOGI – Mål og strategi	11
Visjon	11
Verdiord.....	11
Mål.....	11
Strategi	13
Endring og utvikling.....	13
Kulturendring.....	14
Sektorovergripande.....	14
Forankring	14
Informasjon og kompetansebygging.....	15
Implementering.....	15
Gevinstrealisering.....	15
Risikoanalyse	17
Personvern	18
VERKTØY	19

INNLEIING

Omsorgssektoren må på same vis som andre sektorar, gjera seg nytte av og forbetra kvaliteten på sine tenester ved hjelp av teknologi. Det handlar om å ta i bruk teknologi som har vore tilgjengeleg, og om utvikling av nye teknologiske hjelpemidlar og løysingar i samarbeid med næringsliv og forskning (NOU 2011:11).

«Med velferdsteknologi menes først og fremst teknologisk assistanse som bidrar til økt trygghet, sikkerhet, sosial deltakelse, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrker den enkeltes evne til å klare seg selv i hverdagen til tross for sykdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsatt funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som teknologisk støtte til pårørende og ellers bidra til å forbedre tilgjengelighet, ressursutnyttelse og kvalitet på tjenestetilbudet. Velferdsteknologiske løsninger kan i mange tilfeller forebygge behov for tjenester eller innleggelse i institusjon.» (NOU 2011:11, s. 99)

Velferdsteknologi vil kunne gje moegelegheit til auka fleksibilitet og tilgang på hjelp. Når det blir brukt riktig vil det kunne føre til auke i opplevd kvalitet i tenestene for brukarane, samt meir effektiv ressursbruk for kommunane.

Velferdsteknologi handlar om å finne løysingar som bidreg til at brukarar kan oppleve kontroll i eige liv. Velferdsteknologi er alders- og diagnoseuavhengig. Det viktige er å finne løysingar som tilpassast den enkelte sine behov. Velferdsteknologi kan gje den enkelte tryggleik, meistring og fridom, slik at ein kan leve mest mogeleg sjølvstendig liv og bu lengst mogleg i eigen heim.

Gjennom interkommunalt samarbeid innan velferdsteknologi vil Vestlandsprosjektet kunne tileigna seg naudsynt kompetanse for å ivareta nye oppgåver. Kommunane vil kunna samarbeide om ressursar, slik at tilbodet til innbyggjarane blir best mogeleg.

Hovudmål for innføring av velferdsteknologi

«Kommunesektoren utviklar effektive og gode velferdsløysingar ved hjelp av velferdsteknologi»

VESTLANDSPROSJEKTET

Bakgrunnen for prosjektet

Kommunane forventar større press på helse- og omsorgstenestene på grunn av demografiske endringar, og auke i oppgåvene som resultat av m.a. samhandlingsreforma. Spreidd busetnad og store geografiske område skaper òg utfordringar for denne sektoren i mange av kommunane våre.

Prosjektet har sitt utspring i at kommunane ynskjer å samarbeide omkring utvikling av gode tenester, og kompetansebygging i møte med ny teknologi og utvikling av morgondagens omsorg. I mars 2017 vart Nordhordlandsprosjektet starta, som bestod av 10 kommunar i regionen . f. I løpet av 2019 vart prosjektet utvida med ytterlegare 10 kommunar i Hordaland, og vart Vestlandsprosjektet. Etter kommunesamanslåing i 2020 blei det 16 kommunar.

Føresetnadar for innføring av velferdsteknologi

Signalutveksling og tovegsdialog er ein føresetnad for bruk av velferdsteknologi. For å kunne tilby og innføre tekniske løysingar må kommunane legge til rette for infrastruktur som kan handtera alarmer og tovegs kommunikasjon med innbyggjarane. Satsing på utbygging av breiband-og mobildekning er derfor eit av fleire viktige tiltak. Kommunane må være pådrivarar for utbygging av høghastigheitsbreiband og mobildekning av minst 4G-nivå.

Innføringa av velferdsteknologi må forankrast i alt planverk og alle strategidokument, som kommuneplan, samfunnsplan, IKT-plan, økonomiplan, helse- og omsorgsplan og verksemdsplan.

Kommunane må i tildeling av velferdsteknologi sjå til at vedtak er i tråd med gjeldande lovverk.

Kommunane må avsetje økonomiske ressursar i budsjetta fram mot 2021 til innføring av velferdsteknologi, og søke på tilskot der det er mogelegheit for det.

Ramme

- Godkjent prosjektmandat
- Underskrivne samarbeidsavtalar
- Dei viktigaste rollene må ha eigne mandat

Finansiering

- Tilskot frå det nasjonale velferdsteknologiprogrammet (til prosjektleiing og prosesstøtte til implementering)
- Eventuell eigenfinansiering frå kommunane

Om prosjektet

Vestlandsprosjektet er eit samarbeidsprosjekt omkring velferdsteknologi. Kommunane som deltek er Alver, Austevoll, Austrheim, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samanger, Ulvik, Vaksdal og Voss. Masfjorden kommune er ansvarleg kommune og prosjektansvarleg. Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester Vestland (Hordaland) er partner i prosjektet.

Det interkommunale prosjektet er eit forpliktande samarbeid mellom kommunane, og skal bidra til at kommunane tek i bruk velferdsteknologi i tråd med anbefalingane i det Nasjonale Velferdsteknologiprogrammet. Dette programmet er ein del av Helsedirektoratet sitt vedtak i Omsorgsplan 2020 om innføring av velferdsteknologiske løysningar. Hovudmålet for programmet er at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i kommunane innan 2021.

Nordhordlandsprosjektet søkte om opptak og fekk i 2017 plass i Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Søknaden omfatta innføring og implementering av velferdsteknologi, ? i dei 10 kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy, Vaksdal. I 2018 vart det søkt om vidareføring i programmet, noko som vart innvilga. I mars 2019 vart prosjektet utvida med 7 nye kommunar (Austevoll, Fusa, Granvin, Os, Samnanger, Ulvik og Voss) og dei søkte saman på nytt som Vestlandsprosjektet, noko som òg vart innvilga. Hausten 2019 kom kommunane Eidfjord, Kvam og Kvinnherad med i Vestlandsprosjektet. Nasjonalt velferdsteknologiprogram skulle avsluttast i 2020, men blei utvida ytterlegare 1 år. Vestlandsprosjektet søke om midlar for 2021.

Gjennom aktiv deltaking i etablerte innovasjonsmiljø og aktuelle nettverk skal samarbeidet i Vestlandsprosjektet sikre tilgang på erfaringar som er gjort og er under utvikling.

I 2020 blei fylka Hordaland og Sogn og Fjordane slått saman til Vestland fylke. I den forbindelse starta ein samarbeid med velferdsteknologiprojektet i Sogn og Fjordane. Det førte til oppstart av eit felles prosjekt, E- helse Vestland 2020 – 2025. Andre samarbeidspartar er Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland og Sogn og Fjordane og Helse Vest. Hovudmålet er å etablera Vestland som ein kraftregion for bruk av teknologi i helse – og omsorgstenestene.

Anskaffing

Det har vore gjennomført ei innovativ anskaffing i Lindås kommune. Denne vart gjort slik at det ved kommunesamanslåinga var mogeleg for Radøy og Meland å gå inn i denne kontrakten på lik linje med Lindås kommune.

Dei sju andre Nordhordlandsprosjekt-kommunane (Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal) gjekk i 2019 til anskaffing av ulike velferdsteknologisk løysingar. Dette vart gjort saman med 3 av dei nye Vestlandsprosjekt-kommunane Austevoll, Fusa og Os. Samnanger har knytte seg òg til denne avtalen. Kommunane Eidfjord, Kvam, Kvinnherad, Voss og Ulvik har gjort eigne anskaffingar av velferdsteknologi.

Kommunane vel sjølv korleis mottak av alarmer skal handterast. Digitalisering opnar for å kunna styre alarmer til ulike mottakarar på ein fleksibel måte og tilpassa til den enkelte brukar. Alarmer kan rutast på ulike måtar; til responscenter, pårørande, naboar og til vakttelefonar i tenestene.

Føregangskommune

Lindås (no Alver) har vore med i nasjonalt velferdsteknologiprogram sidan 2012, og er ein ressurskommune i Vestlandsprosjektet.


Lindås og Vestlandsprosjektet si offensive og målretta satsing på innovasjon og velferdsteknologi er sett på kartet òg i nasjonal samanheng.

Alver har deltatt i eit forskingsprosjekt for responsenterteneste ut 2020. Alver hadde i i den perioden lokalt responsenterteneste på dagtid i vekedagane.

Prosjektorganisering

I prosjektet opprettast det ein organisasjon med prosjektleiar og prosjektmedarbeidarar som skal jobbe med å planlegge og legge til rette for felles aktivitetar, organisere kompetanseheving, vere drivar for anskaffing, sikre erfaringsdeling og gjennomføre informasjonsarbeid. I tillegg utarbeide styringsdokument, skrive prosjektplanar, søknadar og rapportering relatert til tilskot.

Det er viktig at kommunane har dedikerte personar/ressursar som har ansvar for velferdsteknologi i eigen kommune. Kommunane oppfordrast til å opprette eigne lokale arbeidsgrupper, der ressurspersonane inngår.



Oppdragsgjevar

Rådmennene i kommunane i Vestlandsprosjektet

Prosjektansvarleg

Rådmannen i Masfjorden kommune (ansvarleg kommune)

Administrativ styringsgruppe

1 deltakarar, hovudsakleg kommunalsjefar, frå kvar av dei 16 kommunane og 1 brukarrepresentant. For detaljar, sjå prosjektmandat.

Prosjektleiar

Kari Eidnes Bjørkheim

Prosjektgruppe

Kari E. Bjørkheim, prosjektleiar

Anita L. Sævilid, prosjektmedarbeidar

Gro H. D. Løvik prosjektmedarbeidarar

Per Waardal, prosjektmedarbeidar

Elin Eikemo, Masfjorden kommune (ansvarleg kommune)

Bodil B. Kristensen, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester Vestland (Hordaland)

Åshild Øvreboten, Bjørnafjorden kommune

Ove Sæbbø, representerer Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy

Arild Hofland, Austevoll kommune
Kari Helland Bu, Eidfjord kommune
Bjarte Aarland . Kvam herad
Svein Eikeland, Kvinnherad kommune
Ingvild Sylta, HTV Fagforbundet
Ingebjørg Vamråk, Samnanger kommune
Åshild Sønsteby, Ulvik kommune
Inger Johanne Seim, Voss herad
Olav Magnus Steinsland, brukarrepresentant
Solveig Vassenden, brukarrepresentant

Ressursgruppe

2 ressurspersonar frå kvar prosjektkommune med tverrfagleg samansett bakgrunn.
Gruppa skal leiast av prosjektmedarbeidarane første halvår, for deretter gå over i sjølvgåande nettverk

Referansegruppe

Elena Sandgathe, rådgjevar for samhandling, Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS)
Rolf Martin Tande, kommuneoverlege i Masfjorden
Tord Moltumyr, tenesteleiar helse i Alver kommune
Unn- Iren Tangedal, HTV Norsk sjukepleierforbund (NSF) i Austrheim
Ingvild Sylta, HTV Fagforbundet, Osterøy
Geir Takvam, Husbanken
Oddrun Vabø, pensjonistutvalet i Hordaland
Astrid Uthaug, NFU Gulen
Margaret Lilletvedt, NFU Lindås og Masfjorden
Rebekka Vågenes, Ytre Nordhordland demensforeining
Jane Britt Daae, NAV Nordhordland
Lars Erling Aarland, rådgjevar informasjonstryggleik/personvern IKT NH
Tore Horne, IKT NH
Karl Johannes Romarheim, brannsjef i Nordhordland brann og redning
Torstein Mehus, kommunalteknisk drift i Vaksdal
Hildegunn Baravelli, responscenteret i Alver
Anne Hildegunn Færøy, Samhandlingskoordinator Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Hildegunn Lygre Austestad, HVO Bjørnafjorden kommune
Kjellfrid Skutlaberg, Voss frivilligsentral
Gunnvor Himle, Voss seniorråd
Sven Tore Kulleseid, teknisk drift Samnanger
Camilla Torsvik, sakshandsamar Austevoll

Ad-hoc grupper:

Opprettast etter behov

Møtefrekvens


Gruppene sine arbeidsoppgåver vil bestemme hyppigheit av møteverksemda (sjå eigen møteplan). Det vert skrive referat frå møta, og prosjektgruppe-referat vert lagt ut på kommunane sine postlister og prosjektet si nettside.

Styringsdokument

Felles styringsdokument vert utarbeida for å sikre lik forståing , og at det vert jobba mot same mål i prosjektet. Ut frå dokumentet vert det utarbeida felles handlingsplan.

Ulike dokument er oppretta for å sikre dette:

- Prosjektmandat
- Prosjektplan med vedlegg: handlingsplan
- Samarbeidsavtale
- Kommunikasjons- og informasjonsplan
- Kompetanse- og opplæringsplan
- Mandat ressurspersonar
- Møteplan for dei ulike gruppene



SAMAN OM VELFERDSTEKNOLOGI – Mål og strategi

Visjon

Vestlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi

Verdiord

Tryggleik – Meistring – Fridom

Mål

Hovudmål til prosjektet:

I 2021 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i kommunane.

Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø

Delmål i prosess mot 2021:

Organisere kommunen slik at den er i stand til å møte morgondagens helse- og omsorgsutfordringar. Innbyggjarane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

1. Brukar

Tenestemottakar mottar tenester som vert supplert av velferdsteknologi og støttar opp om den einskilde sin trong for tryggleik og meistring. Dette skal bidra til at ein:

- opprettheld sjølvstendige og aktive liv
- opplever tryggleik og meistring i eigen bustad og på institusjon
- får hjelp og støtte til å forstå og ta i bruk teknologien

2. Tilsette

Dei tilsette nyttar velferdsteknologi som supplement til sitt daglege virke ved at dei:

- utviklar felles visjon, mål, tilnæringsmåtar og haldningar til tenestene
- har kjennskap til velferdsteknologiske løysingar og har kompetanse til å vurdere føresetnadane for og konsekvensane ved å ta i bruk ny velferdsteknologi
- har kompetanse til å rettleie brukar av teknologi
- opplever at aktiv bruk av velferdsteknologi i tenesta bidreg positivt med omsyn til å behalde og rekruttere kompetent helsepersonell

- opplever at arbeidsgjevar satsar på robuste og fleksible teknologiske løysingar, som møter framtida sine utfordringar

3. Bærekraftig utvikling

Velferdsteknologi skal bidra til at kommunane kan tilby fleire tenestemottakarar gode og bærekraftige tenester òg i framtida ved at:

- kommunane samordnar bruk av velferdsteknologi, som bidrar til god ressursutnytting og effektive tenester etter BEON prinsippet
- kommunane etablera føremålstenlege verktøy for dokumentasjon av gevinstrealisering

4. Samfunn

Velferdsteknologi skal bidra til at:

- innbyggjarane opplever at kommunen er godt rusta til å møte utfordringar, ved å kombinere brukartilpassa tenester med velferdsteknologiske løysingar

5. Statistikk og dokumentasjon

Det skal utarbeidast tenleg statistikk som kan vise gevinstar gjennom rapporteringar til NVP

- **Resultatmål**

Kontroll og tryggleik i eige liv for innbyggjarane

Effektmål

- Auka kompetansen i heile regionen
- Kommunane blir meir robust til å ivareta oppgåver i helse og omsorgssektoren i framtida
- Kommunane utviklar nye tenestetilbod
- Lik moglegheit til tenester uavhengig av kva kommune ein bur i
- Sektorovergripande samarbeid. Ulike fagområde kan utfylle og bistå kvarandre i tenesteytinga, med resultat betre ressursutnytting, nytenking, felles identitet og tilpassa brukarbehov.

Aktivitetsmål

- Kommunane skal implementere teknologiske løysingar hos inntil 3500 brukarar innan 2021
- Prosjektstyring
- Endringsleiing
- Kulturendring
- Sektorovergripande tiltak
- Forankringsarbeid
- Kompetansebygging
- Brukarmedverknad
- Implementering

- Ny teneste ut i alle kommunane

Strategi

Samarbeidskommunane har blitt einige om felles strategi og arbeidsmetodikk for å oppnå prosjektmålet. Målet med strategien er at alle kommunane i prosjektet saman skal arbeide for å utvikle gode velferdsteknologiske tenester innan helse og omsorg. Strategien skal medverke til at kommunane skal endre og utvikle helse- og omsorgstenestene, for å kunne gi kvalitativt gode, berekraftige og effektive tenester i framtida. Den skal òg sikre at kommunane er førande i høve utvikling og framdrift på teknologiske tenester.

Førebygging og tidleg innsats

Kommunane skal ha fokus på førebygging for å sikre god folkehelse i framtida. I følgje Omsorg 2020 – Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020: «Det handler både om å forebygge sykdom, skade og sosiale problemar og å forebygge forverring hos personer med etablert sykdom og tjenestebehov» (s. 25).

Ein skal med andre ord ha større fokus på heimebaserte tenester og førebyggingsprinsipp, noko som er ei endring frå behandlingsprinsippet som har vore det rådande i helse – og omsorgstenestene.

Dei fleste ynskjer å bu lengst mogeleg i eigen heim. Kommunane vil òg vri tenesta mest mogeleg over til å vere heimetenesteorientert ut frå brukarane sine ønskjer, og for å møte framtidige behov og utvikle berekraftige helse- og omsorgstenester. [Meld. St. 15 Leve hele livet](#): «Økt bruk av velferdsteknologi er en av flere faktorer som kan bidra til en bærekraftig omsorgstjeneste i framtida.»

Endring og utvikling

Implementering av teknologien utfordrar på fleire nivå eksisterande organisering og regulering. Det krev at kommunane har fokus på endringsleiing og ser heilskapleg på tenesteområda, og legg til rette for og er opne for endringar dette medfører.

Det handlar om korleis tilsette i kommunale tenestene kan bruke meir tid på den enkelte og prioritere naudsynte tiltak, og bruke mindre tid på m.a. infrastruktur.

Kommunane i Vestlandsprosjektet skal saman utvikle og auke kompetanse, bygge gode kulturar innan endring og utvikling i tenestene. Saman skal ein utvikle gode strukturar som er framtidiretta. Helse- og omsorgstenestene kan fungere som ein spydspiss for nytenking innan tenestene.

Leiarar må vere oppmerksame på kva som må til for å oppnå den ønska utviklinga.

Kulturendring

For å få gevinstar av velferdsteknologi må det arbeidast med å endre kulturen. Måten me tilnærmar oss tenestene på og verktøya me nyttar i helse- og omsorgstenestene blir annleis. Kulturen i heile den kommunale organisasjonen, frå politisk nivå til tenestenivå vil gjennomgå endringar.

Det å ta i bruk velferdsteknologi vil medføre at tilsette kan få nye roller, arbeidsoppgåver og ansvarsområde.

Sektorovergripande

Teknologi legg til rette for og krev samhandling på tvers. Dette kan være innan eigen kommune, kommunane imellom og kommunen i forhold til spesialisthelsetenesta. Me vil bruke teknologien aktivt for å kunne gje heilskapleg brukarforløp i tråd med intensjonen i Samhandlingsreforma. Det skal leggjast til rette for å dele og utveksle informasjon på tvers av organisatoriske og kulturelle barrierar.

Velferdsteknologi er sektorovergripande og påverkar organisering. Dei ulike berørte sektorane må i større grad samarbeide. Den oppdelte sektor-tankegangen må utfordrast, og felles samarbeidsfora må opprettast.

Velferdsteknologi rører som sagt ved ei rekke fagfelt. Sjølv om trenden går mot meir mobile løysingar, handlar òg velferdsteknologi om teknologi i bygg som skal støtte prosessar for forsvarlege helsetenester. Ved planlegging av nye bygg må velferdsteknologi inngå i planlegginga og være integrert i bygget.

Forankring

Forankring i alle ledd er svært viktig. Forankringa må føregå frå topp til bunn og på tvers av tenester. Forankring må sikrast både i tenester og hos politikarar. Alle kommunane må lage eigne forankringsplanar.

Brukarbehov og brukarmedverknad

Dei offentlege tenestene må designast utifrå:

- Identifisering av behov hos innbyggjarane/brukarane
- Identifisering av behov hos dei som jobbar tett på tenestene

Ved å ta i bruk tryggleiksskapande teknologi så tidleg som mogeleg, kan ein medverke til at flest mogeleg blir vant til å bruke teknologi.

Brukarmedverknad vert ivaretatt på både individnivå og systemnivå. I satsinga vil sentrale organisasjonar som FFO, Pensjonistforbundet, Nasjonalforeininga mfl. vere representert i

ulike grupper. Lokalt i den enkelte kommune vil ein òg ha eit samarbeid med eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og andre lag og organisasjonar.

Informasjon og kompetansebygging

Informasjonsarbeid vil vere ein viktig del av prosjektet, og det er mange partar som vil bli berørte. For nye tenester og ny organisering er det viktig at alle involverte partar er informerte. For å kartlegge dei berørte må det gjerast kartlegging av interessentar. I [Veikart for velferdsteknologi](#) finn ein nyttige verktøy. Gjennom deltaking i Nasjonalt velferdsteknologiprogram er Vestlandsprosjektet forplikta til å spreie informasjon og erfaringar til andre kommunar både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Kommunane må sørge for at alle som skal forhalde seg til teknologien, har kunnskap og kjennskap til verktøya, og har tillit til at teknologien fungerer. Det er difor viktig at pårørande, frivillige og nye faggrupper vert involverte.

Endringane som vil kome hos tilsette og leiarar i dei kommunale tenestene vil føre til behov for ulik informasjon og kompetanseheving. For å sikre rett informasjon og kompetanseheving av rett type, til rette personar/grupper og til rett tid, vert det oppretta Overordna kommunikasjons- og informasjonsplan og ein Opplærings- og kompetanseplan.

Det skal utarbeidast brosjyrar/veiledarar som viser ulike typar teknologi som dekker ulike tryggleiksbehov.

- Informere for å oppmuntre innbyggjarane til å tilretteleggje bustadane med tryggleikskapande teknologi
- Oppfordre innbyggjarane til å ta ansvar for eigen situasjon for å kunne motta digitale tenester om det oppstår behov for dette

For å spreie informasjon, framdrift, status og erfaringar i prosjektet vil ein nytte sosiale media og nettsida til prosjektet. Prosjektet har mål om størst mogeleg grad av deling.

Implementering

Det blir jobba med implementering av velferdsteknologiske løysingar i alle kommunane i Vestlandsprosjektet. Kvar kommune har ein lokal implementeringsplan. Kvar kommune implementerer teknologi ut frå eigne kartleggingar og behov. Målet er implementering hos 3500brukarar innan 2021.

Gevinstrealisering

Det er nødvendig å ha fokus på gevinstrealisering ved implementering av velferdsteknologi. Ein må kartlegge no-situasjonen før innføring av velferdsteknologi, baseline, og ha eit systematisk opplegg/rutinar for oppfølging av dette frå oppstart.

Potensielle gevinstar av å ta i bruk velferdsteknologi er betydelege – både for den enkelte brukar og for kommunen som tenesteleverandør jf. [Gevinstrealiseringsrapportar frå Helsedirektoratet](#)

Det må skapast kultur for å ha fokus på gevinstrealisering, og kva gevinstar ein får av auka kvalitet og effektivisering av tenesteproduksjonen.

Gevinstane i denne samanheng er auka kvalitet, unngåtte kostnader og spart tid.

I prosjektperioden skal det fokuserast på gevinstar som har betydning for innbyggjarane si oppleving av kvalitet, og det tilsette opplever som støttande for si tenesteutøving.

Det vil òg vere fokus på langsiktige og økonomiske gevinstar. På den måten kan ein som kommune nytte handlingsrommet og rigge kommunane til å møte framtidige utfordringar.

Risikoanalyse

Risikoanalyse er svært viktig fordi det er ei ny teneste som utfordrar oss på nye måtar og områder.

ID	Risikopunkt	Konsekvensskildring	Risikoreduserande tiltak
1.	Medverknad for tilsette	Manglande medverknad kan føre til utsetjingar, svakare fagleg innhald og at implementeringa generelt vert meir utfordrande.	Involvering av tilsette, informasjon undervegs for å få felles forståing og eigarskap til prosessen og planen. Kartlegge behov hos kommunen som verksemd.
2.	Brukarmedverknad	Manglande forankring og involvering av brukarar. Velferdsteknologi som ikkje gjev gevinstar.	Informasjonsarbeid. Tilbod til brukarorganisasjonane om å delta i kompetansehevande tiltak, Workshops m.m. Kartlegge behov hos brukarar.
3.	Framdrift	Manglande felles forståing for mandat/arbeidskrav. For mange oppgåver ift. tildelte ressursar og personale. Manglande heilskapstenking og sektorovergripande samarbeid.	Tilstrekkelege ressursar. Avsett nok tid. Felles visjon og mål, styringsdokument og prosjektorganisering. Møtearenaer for involverte partar.
4.	Regionalt samarbeid	16 kommunar med ulik ståstad. Kommunane utviklar seg i ulik retning og prioriterer ulikt.	Tydelegheit for eit felles prosjekt og felles mål gjennom ei prosjektorganisering med ein prosjektadministrasjon.
5.	Forankring	Ikkje tilstrekkeleg forankra i alle ledd i kommuneorganisasjon.	Forankringsplan i alle kommunane. Overordna informasjons- og kompetanseplan. Riktig og tilstrekkeleg informasjon til interessentane.
6.	Lovverk	For lite kunnskap om lovverket som regulerer velferdsteknologiområdet. Ulik tolking av lovverket på området.	Kunnskap om lovverket og konsekvensar for velferdsteknologien via Workshop. Fokus på informasjonstryggleik og personvern.
7.	Etikk	For stort fokus på lovverk og ikkje kva som er minst inngripande og best for brukar.	Bevissthet om at teknologi er kun verktøy. Refleksjon om etiske problemstillingar t.d. Workshops, refleksjonsgrupper. Ta etisk vurdering av nye verktøy knytt til noverande praksis.
8.	Samarbeid mellom leverandør og kommunar	Utfordringar med integrasjon av ulike løysingar. Ny teknologi som ikkje er testa ut brukt i dagleg drift.	Partnerskap mellom kommunane og leverandør. Akseptansetestar. Kommunikasjon, dialog og faste samarbeidsfora. Sjekklister og prosedyrar.

Kor truleg inntreff risiko?

-modell for risikovurdering

Høg	Yellow	Red	Red
Medium	Green	Yellow	Red
Liten	Green	Green	Yellow
	Liten	Medium	Høg

Konsekvens

Personvern

Vedtekne lover og forskrifter for personvern skal ivaretakast i alle tiltak.. Personvernombodet i kommunen kan gje råd og rettleiing på dette området. Der ein samle inn personopplysningar er kommunane pliktig til å føre protokoll, jfr. GDPR. Føringar frå Datatilsynet indikerer at ein skal velje den løysinga som i minst mogeleg grad krenkje personvernet og er minst inngripande. Dette skal vurderast opp mot helsefagleg tilrådeleg og brukar sin eigen autonomi. Tiltaka som vert gjort skal begrunnast fagleg og dokumenterast skriftleg. All velferdsteknologi som vert tatt i bruk i prosjektet skal det gjerast initialvurdering knytt til personvernopplysningar ved gjennomføring av personvernkonsekvensvurdering (DPIA).

Det skal opprettast databehandlaravtalar mellom alle leverandørar og oppdragsgjevar jfr. GDPR.

VERKTØY

Som vegvisar nyttast verktøykassen som er utarbeidd av Connect-prosjektet som bygger på «beste kommunale praksis» etter initiativ frå Nordisk ministerråd: «[Velferdsteknologi Verktøykasse](#)» (Nordens välfärdscenter)

Verktøykasse for velferdsteknologi

- Steg 1: Visjon
- Steg 2: Strategi
- Steg 3: Kommunikasjonsplan
- Steg 4: Behovsanalyse
- Steg 5: Markedsundersøkelse
- Steg 6: Evalueringsmetoder
- Steg 7: Anskaffelsesplan
- Steg 8: Implementeringsmodell
- Steg 9: Følge opp gevinster (Gevinsteralisering)



[Veikart for tenesteinnovasjon](#) er komplett verktøyet som følger innovasjonsprosesser frå A til Å.



Kvikkguidar til velferdsteknologi

- [Kvikkguide Behandling av helse- og personopplysninger ved bruk av velferdsteknologi](#)
- [Kvikkguide velferdsteknologi](#)
- [Kvikkguide anskaffelse av velferdsteknologi](#)
- [Kvikkguide videokommunikasjon](#)
- [Kvikkguide digital hjemmeoppfølging](#)



KVIKK-GUIDE TIL VELFERDSTEKNOLOGI

Nasjonalt velferdsteknologiprogram



KVIKK-GUIDE TIL BEHANDLING AV HELSE- OG PERSONOPPLYSNINGER VED BRUK AV VELFERDSTEKNOLOGI

Nasjonalt velferdsteknologiprogram




KVIKK-GUIDE TIL ANSKAFFELSE AV VELFERDSTEKNOLOGI

Nasjonalt velferdsteknologiprogram



Veisjøn 1.2 mars 2020



KVIKK-GUIDE TIL IMPLEMENTERING AV VIDEOKOMMUNIKASJON

Nasjonalt velferdsteknologiprogram



2019-08-14 versjon 1.2



KVIKK-GUIDE TIL DIGITAL HJEMMEOPPFØLGING

Nasjonalt velferdsteknologiprogram



2. desember 2020 – Versjon 1.1


Verktøy frå PA Consulting

-forbeholdt kommunar i Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Ta kontakt på post@vestlandsprosjektet.no for meir informasjon.

Feltkode endret




Vestlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi



Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi

Døme
kommunal
organisering



Endring i hele organisasjonen – kultur og holdningsendring

Handlingsplan

MÅL	Tiltak	Metode	Tidspunkt
Har felles visjon, mål og styringsverktøy	<ul style="list-style-type: none"> *Utarbeida planer: Prosjektplan, Overordna kommunikasjons – og informasjonsplan, Opplæring- og kompetanseplan *Lokale milepælsplanar og forankringsplanar *Samarbeidsavtaler mellom kommunane i prosjektet *Prosjektmandat til sentrale roller/grupper 	<ul style="list-style-type: none"> *Prosjektorganisering *Dokument utarbeidast av arbeidsgruppa og blir godkjent i ulike styringsorgan *Heimeside/Facebook 	Planer evaluerast kvar 6. mnd.
Alle skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. Bygge på tryggleik, meistring og fridom	<ul style="list-style-type: none"> *Kartlegge behov og skreddarsy tenester *Brukarmedverknad, individnivå, lokalt i kommunane og systemnivå. Bygge på “kva er viktig for deg”. *Informasjon og forankringsarbeid til aktuelle grupper *Kompetansehevande tiltak 	<ul style="list-style-type: none"> *Prosjektorganisering *Prosessvegleiing: Nasjonalt velferdsteknologiprogram v/ PA Consulting *Gjennomføre milepæler i NVP *Workshop/Webinar/Kurs/Konferansar *Faste møter i ressursgruppa 	2021
Velferdsteknologi skal vera ein del dei heilskaplege helse – og omsorgstenestene i kommunane	<ul style="list-style-type: none"> *Drive forankringsarbeid *Drive informasjonsarbeid *Kulturendring og endringsprosessar knytt til organisasjonsutvikling *Gje opplæring av tilsette *Utarbeide prosedyrar og rutinar 	<ul style="list-style-type: none"> *Prosjektorganisering *Prosessvegleiing Nasjonalt velferdsteknologiprogram v/PA Consulting: workshops, milepæler *Lokale arbeidsseminar *Kurs *Faste møter med ressursgruppa *Konferansar og Workshops *Webinar 	2021
Alle kommunane i prosjektet skal utarbeide, etablere og gjennomføre ein gevinstrealiseringsplan og milepælsplan for 2021	<ul style="list-style-type: none"> *Kartleggingar *Lage rapportar *Utarbeide gevinstrealiseringsplanar 	<ul style="list-style-type: none"> *Gevinstrealiseringsverktøy *Statusrapportar til NVP *Nasjonalt velferdsteknologiprogram v/PA Consulting: 	2021

<p>Kommunane samarbeider, deler erfaringar og driv Innovasjons- og tenesteutvikling</p>	<ul style="list-style-type: none"> *Erfaringsdeling *Spreiing av kunnskap * Opprette aktuelle ad hoc grupper etter behov 	<ul style="list-style-type: none"> *Heimeside *Facebook *Innlegg på konferansar *Samlingar for ressursgruppe *Prosjektgruppemøter *Samarbeid med ulike velferdsteknologileverandørar/ gründerar. *Deltaking i prosjektet E- helse Vestland 	<p>2021</p>
<p>I løpet av 2021 skal dei samarbeidande kommunane etablert ei samarbeidsform og ein handlingsplan for vidare drift av velferdsteknologi i kommunane og fylket</p>	<ul style="list-style-type: none"> *Samarbeide med andre - delingskultur *Nettverksbygging 	<ul style="list-style-type: none"> *Prosjektorganisering *Opprette sjølvgåande nettverk *Deltaking i prosjektet E- helse Vestland 	<p>2021</p>